

# KYRKJEBLADE

## FOR DAVIK

Nr. 142	Kjem ut 4 gonger årleg	Mars 1943	Utgjør og redaktør: <b>Prost R. J. Slaattelid</b> Davik	14. årg.
---------	---------------------------	-----------	---	----------

### Bønn.

Hør meg, Himles Gud!  
Giv din dikter bud,  
send din miskunn mild,  
som jeg stunder til!

Hør min bønn til deg,  
du som skapte meg!

Jeg din tjener er,  
du min herre kjær.

Gud, jeg ber til deg  
at du frelser meg.

All den hjelp jeg vet,  
er din kjærlighet.

Himles sterke Gud,  
kledd i stråleskrud, —  
ta hver bitter sorg  
fra mitt hjertes borg!

Herre, hjelp du meg!  
Sårt jeg trenger deg!  
Vær meg vern og vakt  
mot all fiendemakt!  
Send du, jomfruens sønn,  
sangens gave skjønn,  
all din hjelp og fred  
i mitt hjerte ned.

Kolbein Tumesson,  
(islandsk høvding omkr. år 1200).

### Guds ord er levende og kraftig.

Hebr. 4, 12

Har det seg slik med Guds ord, så behøver vi bare å bruke det som det står, med det liv og den kraft som det har i seg selv. Så vil det utrette det som det er sendt til.

Men har vi virkelig en slik tillit til Guds ord?

Det er mange som tror mere på den kraft som de legger i ordet enn på ordet selv som de forkynner. De tror mere på hånden som svinger sverdet enn på sverdet selv!

Men slikt fører bare til skuffelse.

Guds ord er selv levende og kraftig, ja skarpare enn noe tveegg sverd. Det skal ikke forbedres ved menneskelige midler. Det skal bare brukes slik som det er — så høyt, så dypt, så veldig, så alvorlig, så mildt, så himmelsk, så

salig som det lyder. Da skjer det som Gud vil ha gjort. Ordet er mektig både til å frelse (Jak. 1, 21), til å oppbygge, og til å gi oss arvelodd med dem som er helliget. (Ap. gj. 20, 32).

Sogneprest N. P. Madsen.

### Gravstøtten.

Langt ute i havbrynet ligger en liten øy. En krans av bær og småskjær bryter havets velde i de tunge høst- og vinterstormer, mens lune viker danner ypperlige havner for los- og fiskerbåtene. Om sommeren, når havet hviler i opphøyet ro, og solglitter danser over sjøen, når solgangsvinden stryker smektende gjennom løvskog og hager, bærende med seg en underbar duft av liljekonvall og epleblomst, av hegg og syré — ja, da er øya et paradis!

Kirken der ute er liten og koselig. Når sognepresten, som har flere kirker utenom hovedkirken, kommer til gudstjeneste, samles befolkningen til en opploftende stund for Guds ansikt. Årbødigheten for det guddommelige er dypt rotfestet i sjelen, og det kjennes styrkende og befriende i Guds hus å la jordlivets strev hvile en stund, den sørgende for å husvales, den svake for å styrkes, den fryksomme for å fylles med mot.

Utenfor leker vinden i bjerkeleøv og solens stråler gir lekende over blomsterfloret på gravhøyene. Små uanselige trekors forteller deg på enkelte graver, hvem som der ligger, på andre er der reist stenmonumenter. —

En sådan støtte fanget min oppmerksomhet, da vi etter endt høymesse kom ut på kirkegården. I fornem reisning hevet den seg over muld. Dens blåsorte, skinnende flater prydedes av innhugne og forgylte bokstaver, som fortalte deg, at: »Her hviler enke Sofie Aanensen, død den 12. juli 1902. — Jeg skal i korte trekk fortelle deg litt av hennes historie:

I et lite hvitmalt hus bodde en fattig enke med sin sønn. Mannen var blitt borte på sjøen. Skuten forsvant med mann og mus. Hun var forresten ikke alene om den skjebne. Der satt flere hustruer og ventet uten håp.

Gutten vokste opp og ble en lovende ung sjømann. De første turer gikk på Nord- og Østersjøfart. Hun var stolt, moren, der hun gikk til kirke ved siden av ham på prekensøndagene.

Men så tok han langfartshyre en vår og rømte fra skibet i Amerika. Og det ble sjeldnere med brevene. Så knugende trist og blek stod hun nede ved døren hos poståpneren på postdagene. Det var store brev-

bunker, som gikk over disken i »Bua«. Alle hadde jo forsørgere, sønner, brødre eller kjæresten på sjøen. Fra alle kanter av kloden kom brevene, bærende bud fra dem der ute før.

Men til den tause, forsakte kvinne ved døren kom der intet. Tausere og blekere ble hun med tiden. Snart opphørte hun å komme til »Bua«, men spurte du henne etter sønnen, hadde hun alltid en undskyldning.

Hvor hun led. Glemt henne hadde sønnen ute i fremmed land. Tenk om han hadde sendt, om bare én dollarseddel i en gul konvolutt! Hvor kunde hun ikke da stolt ha talt for naboen om gutten, som sendte penger til sin gamle mor. »Hvor mange?« — Ja, det brød hun seg ikke om å fortelle. Men det var så det greiet seg!«

Men aldri kom der bud der ute fra. Langveisfarere kunde fortelle at de hadde hørt han levet der og der. Ja, én hadde sett ham en kveld. Fin og flott var han. —

En stille sommerkveld døde moren, stadig ventende og tilgivende. — »Kjære, der var da vanskelige tider der ute i verden. Kanskje hadde han familie også.«

En årekke svant hen. Til øya kom nye folk. — Gamle døde og unge vokste til. Snart husket ingen lenger den gamle enke. Kun et råtnende gammelt trebrett viste hvor hun var stedt til hvile.

Da kom en kveld en fremmed med rutebåten. Ingen gav akt på ham. Her kom så mange. Men da han begynte å spørre etter enken, ble det klart for folk, at det var sønnen som hadde funnet veien hjem.

Lenge ble han ikke. Gravsted ble kjøpt, en kone betalt til å »sette opp« graven, og den fine gravstøtten bestilt og oppsatt.

Men der fortelles at natten før sønnen atter drog, hadde en forbipasserende hørt en sår lyd, som av et menneske i hjertekvide der inne mellom gravene i den dunkle natt.

Nå står det der, det prektige monument, prydende den idylliske kirkegård — en hån, en sår ironi mot et knust moderhjerte.

Men på dommens dag, den store, vil moren tre fram for Guds trone: »Se, hvor han elsket meg, min sønn,« vil hun si. »Han slet og sparte i fremmed land for å kunne reise en sten på min grav.« For morshjertet tilgir alt og alltid.

Ingvold Henriksen.

(B. og H.)



### Våre døde.

- 25. sept.: Ingeborg Bergesdtr. Åsebø, ug. hushjelp; f. 1870 på Dombestein.
- 9. okt.: Ole Knutsson Davik, g. furer; f. 1868.
- 18. okt.: Kristianne Rasmusdtr. Nybø, kårenkje; f. 1863.
- 13. okt.: Alv Rasmusson Ødegård, ug. gardsarbeidare; f. 1917.
- 2. des.: Peder Olsson Hagelund, Bryggja; e., gbr.; f. 1863 i Eid.
- 6. des.: Ane Jonsdtr. Kjøllesdal; kårkone; f. 1874.
- 20. des.: Oleanne Reielsdtr. Nødset; ug. vanfør; f. 1883 i Bremanger.
- 9. jan.: Simon Andersson Bakke, g. karmann; f. 1861.

- 29. jan.: Simianne Steffensdtr. Bøen, kårenkje; f. 1856 i Levdal.
- 30. jan.: Kristine Simonsdtr. Haugland, kårenkje; f. 1874 på Torheim.
- 8. febr.: Martines Monsson Bortne, g. kārmann; f. 1857 på Myklebust.

*Sterkest stråler korsets lys  
midt i dødens kolde gys.*

### Notisar.

Kyrkjebladet stogga med oktobernummeret ifjor. — På grunn av papirmangelen kom det påbod om at alle slike blad laut stanse inntil vidare. Men no har likevel Pressedirektoratet gjeve løyve til at Kyrkjeblad for Davik får koma ut 4 gonger for året. — Det er mange som i desse månadane har vilja betala kontingent, men eg har ikkje teke imot pengane sidan det var så uvisst kva tid bladet kunde koma i gang att. No vert det då atter høve for bladet sine vener å gjeva sine gåver, så ein kan greia utgiftene.

Stykket om Guds ord i dette i nummer er teke fra »Ordet«, ei andaktsbok av den danske presten N. P. Madsen, med korte stykke for kvar dag i året. Ho er omsett frå dansk av pastor Hagesæther. Det er ei sværande gild bok, god i form og innhald, med ein sers evne til å leggja fram rikdomane i Guds ord. Eg vil gjerne råda dei som skal ha seg ei ny andaktsbok, til å prøva denne.

Døypte: 25. okt. Johannes Hallvard, f. 23. juni av f. Birger Hansson Indredavik og k. Kaja Johanneshdtr. (f. Sunde). — 30. okt. Marit Dagny, f. 22. sept. av f. Modulf Karlsson Dombestein og k. Ragna Didriksdtr. (f. Lågeide). — 1. nov. Sigrun Rønnaug, f. 21. juli av f. Sverre Larsson Førde og k. Ingrid Sigvaldsdtr. (f. Ødegård). — S. d. Nelly Karin, f. 22. mai av f. Marius Nilsson Nyborg og k. Amanda Gudmundsdtr. (f. Steinset). — S. d. Bård, f. 8. sept. av f. Kristofer Bergesson Rise og k. Kristianna Albertsdtr. — S. d. Ingrid Johanna, f. 7. juli av f. Andreas Eliasson Ytrehauge og k. Gunhild Hansdtr. (f. Thunold). — S. d. Asbjørg Malene, f. 7. juni av f. Einar Andreasson Brekke, Berle, og k. Agnes Jensdtr. (f. Øvrebø). 22. nov. Alf Ulrik, f. 11. nov. av f. Johan Andreasson Sunde, Bryggja, og k. Matilde Ulriksdtr. (f. Listet). — S. d. Halldis Marie, f. 31. mars av f. Artur Iversson Viken, Bryggja, og k. Agnes Olaidtr. (f. Risøy). — 29. nov. Ingrid Anne, f. 26. sept. av f. John Pedersson Muri og k. Brite Ellingsdtr. (f. Bortne). — S. d. Oddny Andrea, f. 23. okt. av f. Olav Monsson Kroken, og k. Elise Andersdtr. (f. Mjånes). — 25. des. Kjell Dagfinn, f. 1. nov. av f. Josef Kristiansson Gjengedal og k. Målfrid Didriksdtr. (f. Almenning). — S. d. Oddmund Kåre, f. 26. nov. av f. Olav Olsson Solheim og k. Ingebjørg Kristiansdtr. (f. Rimstad). — 26. des. Olga, f. 31. okt. av f. Torvald Rasmusson Vingelven og k. Karla Pedersdtr.

Ektevigde: 29. sept. Rolf Didriksson Lågeide og Solveig Martinsdtr. Ervik. — 17. okt. Kristian Kristiansen Heggelund og Petra Matiasdtr. Bortne. — 21. okt. Ola Matiasson Strømmen og Berta Johnsdr. Fløtre. — 24. nov. Ragnvald Pedersson Haus og Sofie Karlsdtr.

Lågeide. — 3. des. Gjert Samsonsson Skavøpoll og Alvina Knutsdtr. Havnen. — 12. des. Jetmund Arnfinsson Myklebust og Borgny Totland.

*Døypenamn.* I 1942 vart det døypt 59 barn frå Davik. Av dei fekk 44 norske namn: Olav, Jostein, Arne, Hugleik, Jon, Magnar, Per (2), Kjell (2), Dag, Ellef (Eiliv), Harald, Bård (2), Alv, Oddmund, Kåre, Berge, Magnus, Ivar, Rannveig, Magny, Aud (3), Ingrid (3), Bjørg, Randi (Ragnhild), Oddbjørg (2), Liv, Oddny (2), Herdis, Ragna, Valbjørg, Sigrun, Asbjørg, Halldis, Kjellaug, Alvhild. — 15 fekk utanlandske namn: Ansgar (tysk), Martin (av latinsk Martinus), Herman (tysk), Hans (tysk), Nils (dansk av det gresk Nikolaus), Rasmus (dansk av det greske Erasmus), Kristofer (av gresk Christoforos), Johannes (gresk-jødisk), Jan (hollandsk, av Johannes), Mary (engelsk), Kirsten (dansk), Nelly (engelsk), Olga (russisk), Anny (engelsk), Marit (av latinsk Margaretha).

*Norske namn for norske born!*

#### Kyrkjeleg statistikk 1942.

	Davik	Rugsund	Aalfot	Tils.
Døypte .....	7	39	1	47
Konfirméra .....	5	15	5	25
Ektevigde .....	4	10	1	15
Vigde i andre prestegjeld	2	0	0	2
Borgarleg gifte .....	3	0	0	3
Jordfesta .....	6	23	2	31

For 100 år sidan. Døde: 11. des. 1842 Andreas Uldrichsen Ekornbakke, kårmann, 78 år. — 14. des. Ole Johnsen Hornet, kårmann, 68 år. — 16. des. Ingeborg Pedersdtr. Ytredavig, kårkone, 82 år. — 25. nov. Sebasy Olsdtr. Havnen, kårkone, 83 år. — 27. nov. Gjertrud Hansdtr. Muurstad, gårdmannskone, 50 år. — 4. jan. 1843 John Olsen ytter Davig, kårmann, 85 år. — 21. jan. Ole Olsen Hornet, kårmann, 75 år. — 4. febr. Malene Johnsdtr. Ervig, kårkone, 75 år. — 28. febr. Christi Simonsdtr. Hamre, kårkone, 89 år. — 3. mars Christi Paulsdtr. Lefdalsnes, 77 år. — 15. mars Christi Ellefsdtr. Ervig, kårkone, 54 år. — 19. mars Ole Ellingsen Hatlegjerde, kårmann, 63 år. — 19. febr. Ane Eriksdtr. Glad, Oldeide, kårkone, 60 år. — Vigde: 4. nov. Paul Rimstad, enkemann og gårdmann, son til Guttorm Paulsen, 36 år, og enke Oline Møchlebust, dotter til Ingebrigt Baltzeren, 42 år. — S. d. Rasmus Verpeide, son til Ole Jørgensen Nygaard, 29 år, og Ragnilde Verpeide, dtr. til Jacob Jacobsen, 21 år. — 31. des. Ole Hendrichsen Ølsvig, Borgund, ungkarl og høker, 35 år, og Gjertrud Erichsdtr. Nord, 29½ år. — 6. april 1843, Rasmus Anderson Tømmelstøel, enkemann, 42 år, og Kari Iversdtr. Aardal, 41 år. — 4. juni Christopher Andersen Kjøllesdal, 26 år, og Marte Arnesdtr. Indre Davig, 26 år. — S. d. Lars Larsen Endal, 25 år, og Agnete Stephensdtr. Endal, 24 år. — 18. juni Joseph Christiansen Midgjelde, 31 år, og Brithe Pedersdtr. Sætre. Støvereide, 34 år. — 5. juni Ole Hansen Hessevaag, 46 år, og Anne Jacobsdtr. Bortne, 42 år. — 30. juni Reiel Nielsen Fagerlied, 36 år, og Ragnilde Stephensdtr. Houge, 24 år. — 25. juni Jens Larsen Riisøen, 28 år, og Hendriche Augustinusdtr. Rugsund, 24 år.

Fødselsdagar. 75 år vert Hans K. Indredavik 12. april, Martines M. Reksnes 20. april. — 70 år: Martinus O. Strømmen 8. april, Valdemar Totland 8. april. 60 år: Peder Larsson Endal 12. juni. —

Sokneråda har no desse medlemer: Davik: Jonas Eikås (varamann Jonas Horn) og Rasmus P. Daviknes (Alfred Myrvang). — Rugsund: Klokkar Hausle (lærar Midthjell) og J. Fløtre (K. Haugland). — Aalfot: Mons Myklebust (Ole H. Myklebust) og Karl J. Isane (Rasmus O. Myklebust). — Den fyrste i kvart sokneråd er oppnemnd av ordføraren, den andre av den fungerande biskop etter framlegg frå ordføraren. Soknepresten er formann og sjølvskrive medlem.

Ved gudstenester i kyrkjene i prestegjeldet ved framande prestar kan barnedåp ikkje utførast utan serleg løyve frå soknepresten i kvart einskild tilfelle.

#### Gudstenester:

Midfaste s.,	4. april:	Alfot.
Maria bodsk. s.	11. . .	Totland.
Palmesundag,	18. . .	Kjølsdal.
Skirtorsdag,	22. . .	Davik.
Langfredag,	23. . .	Rugsund.
1. påskedag,	25. . .	Davik.
2. påskedag,	26. . .	Alfot.
1. s. etter påske,	2. mai:	Rugsund.
2. —»—	9. . .	Davik.
3. —»—	16. . .	Berle.
4. —»—	23. . .	Totland.
5. —»—	30. . .	Rugsund.
Kristi him.f.dag,	3. juni:	Alfot.
6. s. etter påske,	6. . .	Kjølsdal.
1. pinsedag,	13. . .	Davik.
2. pinsedag,	14. . .	Rugsund.
Treeinings s.,	20. . .	Totland.
1. s. etter treein.	27. . .	Davik.

Krittering for kontingent. Kristine Myklebust, Helga Lien, Guttorm Rimstad, Bernt Indredavik 2 kr. — Lærar Torheim 5. — Bolver Torheim, Elling Henøen, Kristian Daviknes, Karoline Reksnes, Emil Myklebust 3. — Marta Isene 2.50. — Tils. kr. 30.50.

Hjarteleg takk til alle.

#### Rekneskap for Kyrkjebladet 1942.

##### Inntekt:

Overført frå rekneskap 1942 ..	Kr. 1066.79
Bladpengar 1942 .....	» 436.10
Renter i banken 1942 .....	» 21.30
	Kr. 1524.19

##### Utligg:

Prenting, ekspedering, porto .....	» 320.17
Overført til neste rekneskap	Kr. 1204.02

Neste nr. av Kyrkjebladet skal koma ut i juni.

#### Soga um Saul frå Tarsus.

(Framhald).

For ein lette og glede dette var for Paulus og Barnabas. Einskapsen var halden oppe, og evangeliet kunde marsjera fram utan hindring. Men einskap var ikkje det same som fred. Det judaistiske partiet vart den fyrste sekt og Paulus's uforsonlege fiendar. Kvar han for, fylgde desse hans medkristne etter og organiserte ein systematisk motstand. Dei sende endå til misjonærar til kyrkjelydane hans, når han var burte, og vi ser av det hjartesäre brevet til galatarane, at dei

greidde å skipla arbeidet hans i Antiochia i Pisidia, Ikonium, Lystra og Derbe. Situasjonen førde og med seg ein samanstøyt mellom Paulus og Peter, og gjorde at Paulus og Barnabas laut skiljast.

Peter for til Antiochia og vart full av glede over det lukkelege livet i kyrkjelyden. Han likte seg svært godt saman med dei heidningkristne. Så sende Jakob nokre av sine fariseiske kristne på vitjing dit. Han tenkte på at dei på den måten kunde koma dei heidningkristne nærmare. Peter ynskte ikkje å forarga dei og slutta difor å vera saman med heidningane. Jakob og andre meinte at det var klokt og rett. Men dette vilde ikkje Paulus vita av, og det sa han tydeleg frå om i kyrkjeforsamlinga. Paulus og Barnabas kom og til det resultat at det var best dei ikkje arbeide saman på den andre misjonsferda. Dei var jo så ulike på mange måtar, og slik som tilhøva no var, kunde det verta ei hindring. Barnabas vilde ta med Markus denne gongen og, men det var Paulus imot, og så skildest dei to apostlane. Paulus tok med seg berre slike som fullt ut hadde same syn på heidningane som han. Det var Silas, ein utanlandsk jøde som hørde til kyrkjelyden i Jerusalem, men var romersk borgar liksom Paulus sjølv; Titus, som må ha vore ein kjekkar; unge Timoteus frå Lystra, som var son til ein heidning, og sist, men ikkje minst ein sers dugande og framståande mann, ein gresk doktar, romersk borgar med universitetsutdanning, flink å skriva, som hadde reist mykje; det var Lukanus eller Lukas, som han mest var kalla.

### XVIII.

Endå ein gong står vi på hustaket i Tarsus. Paulus syner Silas og Titus vegen mot nord. »Ser de det svarte skaret», seier han. »Det er dei kilikiske portane. I morgo er vi der, på ferd nordover.«

For den tunne, bleike, vesle guten med det svarte håret, han som drøynde om kong Messias's blenkjande sverd, og som seinare vart til den hjartesåre unge mannen som visste at han hadde vore med og drepe den Guds bodberar, som skulde svinga det sverdet, — han svinga no sjølv dette sverd. Og i morgo vilde han dra ut gjennom dei kilikiske portane, ikkje til eit land som aldri hadde hørt om det heilage namnet, men til eit land der hans kjære flokkar av kristne i kyrkjelydar som han sjølv hadde grunnlagt, alt samla seg ikring Herrens altar. I Antiochia i Pisidia vart reiseruta vidare fastsett, etter at han hadde vitja alle kyrkjelydene. Han var eit par mil ifrå grensa til den romerske provins Asia, og den naturlege planen var å dra gjennom provinsen til Efesus og preika i byane langs med vegen. Men no hende noko merkeleg. Då dei hadde halde bøn saman, kjende dei at dei ikkje skulde preika i provinsen Asia, og så trakka dei nordover utan å forkynna evangeliet, til grensa av Bitynia. Atter bad dei, og atter kjende dei seg hindra. To gonger fekk dei det inntrykk at dei ikkje skulde gjera det som dei hadde tenkt seg til. Det var liksom dei vart tvinga inn på ein viss veg. Det var ein streng disiplin. Frå grensa til Bitynia var der berre ein veg, og den førde dei til Troas og til havet. Å gå 40—50 mil utan å kunna preika fordi dei ikkje fekk lov!

Men den natta såg Paulus, medan hansov, ein makedoniar som vinka til han, at han skulde koma over

havet. »Kom over», sa draumemannen, »og hjel oss.« Det var lett å kjenna ein makedoniar på kledebunaden.

A setja over til Neapolis var ingen vanske. I den tid var det sjøen som sameinte og gjorde det lettast å reisa. Og dei kom ikkje dermed frå Austerland til Vesterland. Vesterlanda byrja i dei dagar ved Taurussjellet. Dei var her midt i det romerske riket.

På denne måten vart Paulus av den usynlege handa støtt ført fram til Korint, der han skulde byggja opp den viktigaste kyrkjelyden sin, midt imellom Efesus og Rom. Men før han kom dit, skulle han læra å kjenna dei krefter som han der skulle stridast med. Han møtte dei i Filippi, i Tessalonika, i Berøa og i Athen. —

Filippi vart Paulus's kjæraste kyrkjelyd. Det var den mest romerske by som han hadde arbeidt i, og ein gild og helsesam stad. Han kom i konflikt med styremaktene der ved eit reint tilfelle. Eit vitlaust kvinnfolk for og sprang etter han, og då han så lækte henne, øydela han dei spådomsevnene som folk meinte ho hadde, og som eigarane hennar hadde tent pengar på. Dei klaga til styremennene, og Paulus og Silas vart ført fram for dei, kledde nakne, hudflengde, kasta i fengsel og sette faste i eit torturreidskap som dei kalla for nervus, der ein laut sitja ihopkrøkt. Ein har meint at dei vart så hardt medfarne fordi Paulus hadde forbode dei truande å ofra til keisaren. Han fekk prøva kva motstanden mot keisardyrkinga skulde få å sia for kyrkja.

Den dramatiske forteljinga om det som hende i fengslet om natta og morgenon etter, då Paulus og Silas sa ifrå at dei var romerske borgarar og difor hadde vore ulovleg medfarne, må du sjølv lesa i Apostelgjerningane, kapitel 16. Det ligg nær å tro at dei fann seg i denne ulovlege åtferda, for at dei kristne i byen skulle få det lettare etterpå, men gløym ikkje den fælslege fysiske liding som dei dermed av fri vilje tok på seg for dei si skuld.

### XIX.

I Tessalonika fekk Paulus prøva korleis fariseapartiet øste opp påbelen i byen. Her og i Berøa merka han seg og ein viktig ting som ein laut ta omsyn til i det hellenske samfundsliv, striden mellom aristokrati og demokrati. Atter vart han svært sjuk. Han hadde arbeidt for hardt og fekk eit nytt åtak av feber. — Han hadde tenkt å få eit par rolege dagar áleine i Athen, men nervane kunne ikkje klara påkjenningsane, og han sende bod attende til Berøa at Timoteus og Silas måtte koma til han straks.

Opphaldet i Athen lærde han ei lekse som han trond framom alt anna. Han hadde hatt vyrndad for den heidenske filosofien. Her fekk han sjå og kjenna kva makt der var i den heidenske religionen. Etter å ha sett Athen kunne han aldri meir undervurdera den. Denne fagraste av alle byar var forgjord av den. »Det er lettare å ráka ein gud enn eit menneske i Athen», sa Petronius, og ein forfattar seier at heile byen var liksom eit einaste stort altar, eit offer og ei offergåva til gudane.

(Meir).